



Giske kommune
historisk og framtidsretta

Planstrategi

2024 – 2027

Vedtatt av Giske kommunestyre den 26.09.2024, sak 081/24

Innhald

1 Innleiing	3
1.1 Planstrategi	3
1.2 Arbeidsprosessen.....	4
1.3 Definisjonar	4
2. Nasjonale og regionale føringar	4
2.1 Nasjonale forventningar	4
2.2 Regionale føringar.....	6
3. Utviklingstrekk.....	6
3.1 Utgangspunkt	6
Demografi.....	7
3.2 Folketalsutvikling.....	7
3.3 Næringsutvikling.....	8
3.4 Folkehelse.....	12
4. utfordringar.....	13
4.1 Næringsliv og sysselsetting	13
4.2 Levekår og folkehelse	14
4.3 Bustadbygging	16
4.4 Miljø, klima og berekraft.....	17
4.5 Natur, landskap og friluftsliv.....	17
4.6 Kultur	18
4.7 Transport og infrastrukturbygging	18
4.8 Langsiktig arealbruk.....	18
4.9 Samfunnsikkerheit og beredskap.....	19
4.10 Kommunal tenesteyting og forvaltning	19
5. Kommunens plansystem.....	19
6. Planbehov i perioden 2024 – 2027	20
6.1 Evaluering av nojeldande kommuneplan	20

1 Innleiing

Kommunen si plikt til planlegging av eigen verksemd er nedfelt i kommunelova - § 5:

*Kommunen skal utarbeide en samordnet plan for den kommunale virksomhet....
Kommuneplanlegging skal bygge på en realistisk vurdering av den forventede utvikling i kommunen og av de økonomiske ressurser som vil stå til rådighet, slik dette framgår av økonomiplanen..
Nærmere bestemmelser om den kommunale planleggingen gis ved lov.*

Planlegging er eit effektivt og godt styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk. Fylkeskommunane og kommunane har fått auka handlingsrom og større ansvar for å sikre nasjonale og vesentlege regionale interesser i planlegginga. Regional og kommunal planlegging er viktig for å få ein meir berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentlig sektor.

1.1 Planstrategi

I medhald av plan- og bygningslova (Pbl) § 10-1 skal kommunen utarbeide ein kommunal planstrategi kvart fjerde år. Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast innan eit år etter konstituering. Bakgrunnen for tidsaspektet her, er at det nye kommunestyret skal kunne fastsette sitt planbehov for å nå politiske mål.

Gjeldande planstrategi 2020-2023 med planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedtatt av kommunestyret den 03.12.2020. Kommunestyret vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033 den 27.04.2023.

Ein FOU utarbeidd av Asplan Viak i 2023 på oppdrag av KS; - *Fylkeskommunen som planfaglig veileder* peikar mellom anna på samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy. *Skal et nytt kommunestyre kunne utøve leder- og samfunnsutviklerrollen gjennom samfunnsdelen, forutsetter det at innhold og prioriteringer i gjeldende samfunnsdel endres i tråd med det nye kommunestyrets politikk første året av valgperioden. Kommunens situasjon og utviklingstrekk, regionale føringer og nye nasjonale føringer skal danne et kunnskapsgrunnlag for kommunestyrets diskusjon.*

Det blir og reist spørsmål om korleis planprogrammet kan slåast saman med planstrategien når ein ikkje veit kva endringar kommunestyret vil gjere i samfunnsdelen. *Hovedpoenget her er at planstrategien/planprogrammet sier at samfunnsdelen skal tas opp til revisjon, men det er ikke gitt at revisjonsarbeidet (de politiske diskusjonene i verkstedene) medfører at den endres. Men prosessen er lagt opp slik at det kan gjøres mindre eller større endringer alt etter hva kommunestyret mener det er behov for.* – Det er slik dette vil bli lagt opp til i denne planprosessen.

Kommuneplan, samfunnsdelen, i tråd med plan- og bygningslovas § 10-1, siste ledd. Bakgrunnen for dette var behovet for å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel og å effektivisere planarbeidet.

Føremålet med ein planstrategi er å sette fokus på dei planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei positiv utvikling i kommunen. Det skal vere fokus på at planlegginga skal vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Planarbeid er ein tidkrevjande prosess. Med bakgrunn i dette vil denne planstrategien ha eit nøkternt innhald i forhold til utvikling av nye planar. Arbeidet vil bli prioritert rundt det som er naudsynt for å nå utviklingsmål og intensjonar som kommunestyret alt har vedtatt i samband med handlings- og økonomiplanen 2024 – 2027. Dette samsvarar med det som ovanfor er referert til i kommunelova.

I arbeidet med kommunal planstrategi skal det innhentast synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør legge opp til ein brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag

for behandlinga. Forslaget skal gjerast kjent offentleg minst 30 dagar før kommunestyret behandlar saka.

Planstrategien er retningsgivande for kommunen si vurdering av planarbeid.

1.2 Arbeidsprosessen

Planstrategien er utarbeida administrativt av ei arbeidsgruppe, utvida leiargruppe, leia av kommunedirektøren. Formannskapet har behandla saka som kommuneplanutval. Kommunestyret vil få saka til endeleg behandling etter avslutta høyringsrunde.

1.3 Definisjonar

Sentrale omgrep i samband med planarbeid:

Kommuneplan, samfunnsdel	Dokument som tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Dokumentet skal vere grunnlag for sektorane sine planar og virke i kommunen (Pbl § 11-2). Skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp.
Kommuneplan, arealdel	Dokument som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Angir hovudtrekka i arealdisponeringa og gir rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk (Pbl § 11-5)
Kommunedelplan	Overordna plan på eit meir detaljert nivå enn kommuneplanen (eit geografisk område eller eit bestemt tema eller verksemdsområde jfr. Pbl. §11-3, 3. ledd) og der det er trong for ein brei medverknadsprosess. Skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp.
Reguleringsplan	Eit arealplankart med tilhøyrande føresegner som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader (pbl. § 12-1).
Temaplan	Styringsverktøy som inneheld mål, strategi og tiltak innanfor eit fagleg avgrensa område. Planane er korte og utarbeida i høve ein oppgjeven mal (følgjer ikkje pbl. sine føresegner). Mandatet vert gjeve av kommunedirektøren i den grad det ikkje er politisk vedtak knytt til bestillinga.
Strategi	Viser vegen/alternative vegar for å nå målet.
Handlingsplan	Viser kva tiltak som skal gjennomførast i handlingsplanperioden, for å nå dei mål som er sett i planen.
Interkommunalt plansamarbeid.	To eller fleire kommunar bør samarbeide etter pbl. når det er hensiktsmessig å samordne planlegginga over kommunegrensar. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar jf. pbl. kap. 9.

2. Nasjonale og regionale føringar

All planlegging skal medverke til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver, jfr. Pbl. §1-1, 2. ledd.

2.1 Nasjonale forventningar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 er eit viktig dokument som regjeringa legg fram kvart fjerde år. Målet er å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet gjennom god planlegging. Her er nokre av hovudpunkta:

1. **Samordning og samarbeid i planlegginga:** Det er viktig at fylkeskommuner og kommuner samarbeider for å skape helheitlege og effektive løysningar. Dette bidrar til betre samfunnsutvikling.

2. **Trygge og inkluderande lokalsamfunn:** Planlegginga skal legge til rette for trygge og gode lokalsamfunn der alle føler seg inkludert. Dette inkluderer mellom anna tilgong til tenester, grøntområde og kulturtilbod.
3. **Velferd og berekraftig verdiskaping:** Planlegginga skal bidra til auka velferd og berekraftig økonomisk utvikling. Dette inneber å legge til rette for næringsliv, arbeidsplassar og gode levekår.
4. **Klima, natur og miljø for framtida:** Regjeringa har ambisiøse mål for klima, miljø og jordvern. Planlegginga skal bidra til å redusere klimagassutslepp, ivareta naturmangfald og sikre berekraftig ressursbruk.
5. **Samfunnssikkerheit og beredskap:** Planlegginga må ta omsyn til samfunnssikkerheit og beredskap. Dette inkluderer mellom anna å sikre god infrastruktur og handtere risiko knytt til naturfare og andre truslar.

Regjeringa forventar at fylkeskommunene og kommunene tar desse hovudpunkta med i planlegginga og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet.

FN sine berekraftsmål


FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Desse måla består av 17 hovudmål og 169 delmål. Dei skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Møre og Romsdal har sett seg som mål å bli det første fylket som etterlever FN sine berekraftsmål. Planlegginga i kommunane må ta dette med seg i det vidare arbeidet.



Økologisk, sosial og økonomisk utvikling kan ikkje oppnåast isolert frå kvarandre, denne modellen frå FN sine berekraftsmål viser samanhengen mellom dimensjonane der økonomisk berekraft er avhengig av at økologisk og sosial berekraft er ivarettatt.

Kjelde: Azote for Stockholm Resilience Centre, Stockholm University



Planlegging er eit viktig verkemiddel for å ivareta alle dei tre dimensjonane av berekraftmåla. (Folkehelseinstituttet).

2.2 Regionale føringar

Fylkeskommunale planar som legg føringar for det kommunale planarbeidet:

- Regional planstrategi Møre og Romsdal 2025 – 2028

https://mrfylke.no/_f/p1/i6f9dc3c6-2404-4978-8709-842de6ad758b/kunnskapsgrunnlag-regional-planstrategi.pdf

- Fylkesplan for Berekraftfylket Møre og Romsdal 2025 – 2028

<https://pub.framsikt.net/plan/mrfk/plan-fa8ba47a-c4ea-428b-9d9f-28d2ee437419-18072/-/>

3. Utviklingstrekk

3.1 Utgangspunkt


Giske kommune er ein del av Ålesundsregionen og berekraftssatsinga i regionen. Frå 2020 vart Giske kommune nabo med nye Ålesund kommune (Frå 01.01.2024 er Haram eigen kommune). Ei rekkje utfordringar innafor til dømes samferdsel, beredskap, areal og næringsutvikling må framleis løysast på tvers av kommunegrensene.

Samarbeidsprosjekt i dag og framover saman med Ålesund kommune og Sula kommune:


- Ålesund, Sula og Giske samarbeider om å nå FN sine berekraftsmål
- Plan for klima- areal og transport (PAKT) (vedtatt 2022)
- Samarbeid om marine grunnkart
- Interkommunal veteranplan (vedtatt 2023)
- Interkommunal sjøarealplan (planoppstart med forprosjekt vedtatt 2022)

Demografi


3.2 Folketalsutvikling



Folketalet i Giske kommune har sidan 2020 hatt ein årleg prosentvis auke mellom 0,20 og 3,13. For første gong viser folketalet i Giske kommune i 2024 eit knapt teikn på ei utflating (-1 person) sjølv med auke i talet på innvandrarar. I SSB sine alternative folketalsframskrivingar viser det ein jamn auke i folketalet fram til 2050. Med alternativ ingen netto innvandring viser framskrivinga 9624 innbyggjarar i Giske kommune i 2050.





Folketalspyramide, befolkning etter kjønn og alder, 2024




3.3 Næringsutvikling

Endring i sysselsettinga, frå 4. kvartal 2022 til 4. kvartal 2023






Pendling



Giske kommune er del av Ålesundsregionen som felles arbeidsmarknadsregion. Størst pendling er det mellom Giske og Ålesund kommune:


- Utpendling tot.: **2294 personar (2023)**
- Innpending tot.: **603 personar (2023)**

Arbeidsplassdekninga for Giske kommune er lågast av kommunane i Møre og Romsdal og er no nede på 61,3%.




Oversikt (prosentvis) yrkesaktive og arbeidsledige.

Giske kommune har lågare arbeidsløyse enn gjennomsnitt i fylket. Tal for siste 10-år har vore stabilt i Giske på ca 2 – 2,5%. Frå 2023 – 2024 viser «KommuneProfilen» <https://www.kommuneprofilen.no/> ein auke i arbeidsløysa frå 1,5 til 1,7%. I same tidsrom er dette litt lågare enn fylket (1,7-1,8%).



Næringsstruktur

Giske kommune er ein av landets største fiskerikommunar med mange sjø- og landbaserte verksemder. Kommunen har og eit stort innslag av transportverksemder grunna Ålesund Lufthamn Vigra samt sysselsetting knytt til offentleg verksemd. Det er og mange sysselsette i servicenæringane med arbeid i Ålesund by.



3.4 Folkehelse

I samfunnet rundt oss ser vi utfordringar som kan knytast direkte eller indirekte til trivsel, tilhøyre, livskvalitet og psykisk helse. Statistikk og erfaringar viser at dette også gjeld vår kommune.

Innsøkinga til psykisk helse og rus-tenesta har auka, vi har sett det i Ungdata-undersøking, ein ser det på sjukefråver. Ein høyrer opplevingar i barnehage og skule der stadig fleire strevar med å finne sin plass.

I fylket samla sett er det for mange ungdommar og unge vaksne som har havna i eit utanforskap. Nokre av desse ungdommane bur i vår kommune.

I Kommunebildet-Giske utarbeida av Statsforvaltaren i M&R blir det peika på bruken av dispensasjon frå utdanningskrav i barnehage og ein litt lav del fagarbeidarar samanlikna med resten av landet i barnehagen. Det har vore ei positiv utvikling siste året, men ein er samstundes kjent med nye krav frå 2030.

Både barnehage og skule har hatt stramme rammer og dels drift som ikkje har vore i tråd med lovkrav siste åra på grunn av utfordrande kommuneøkonomi. Dette går ut over oppvekstvilkåra for våre barn

og unge. I «Kommunebildet-Giske» <https://kommunebilde.statsforvalteren.no/omkommune/15/1532> blir det og peika på ei negativ utvikling med barn i hushaldningar med låg inntekt og tal på barn i familiar som mottar sosialhjelp.

Giske kommune har vore ei vekstkommune over fleire år. Vi er ei barnerik kommune med mange tilflyttarar. Ungdata og Folkehelseundersøkinga i fylket viser at innbyggjarane rapporterer om manglande møteplassar og kulturtilbod.

Ungdata viser også at våre ungdommar bruker mykje tid på skjerm. Dei siste par åra har det vore ei uro knytt til grenseoverskridande åtfærd blant nokre av våre ungdommar, der noko av utfordringane er knytt til sosiale medium.

Ikkje-smittsame sjukdommar står for om lag 87 % av den totale sjukdomsbyrda i Norge. Dette gjelder sjukdommane hjarteinfarkt, hjerneslag, kreft, diabetes og kronisk obstruktiv lungesykdom (KOLS). Dette inneber at det er stort potensial for å betre helsa i befolkinga.

Dei viktigaste risikofaktorane for desse sjukdommane:

- Tobakksbruk
- Usunt kosthald
- Fysisk inaktivitet
- Høgt alkoholforbruk

Dårleg eller for lite søvn er negativt for helse og livskvalitet. Ungdata viser at ein av tre ungdommar slit med søvn. Søvnproblem kan ha samband med blant anna stress, inntak av koffein og skjermaktivitet.

4. Utfordringar

Hovudutfordringar

- Demografi
- Næringsutvikling
- Bukommune

4.1 Næringsliv og sysselsetting

Næringspolitisk handlingsplan:

I vedteken Strategisk Næringsplan 2016-25 er følgjande utfordringar og fokusområde for Giske kommune sitt arbeid for næringslivet lagt til grunn:

- Vi har ein del av **næringslivet som treng plass** – hamner, industriområder, store areal og har store transportutfordringar
- Vi har ein annan del som **treng kundar**. Varehandel, frisør, kafé o.l.
- Vi må **planlegge for mangfaldet**
- **Arealutvikling og regulering for næringsføremål**: Fleire store og små område i kommunen er sett av til næringsføremål, men få er tilrettelagte for utbygging, eller plasserte slik at dei ikkje kjem i konflikt med nærliggande bustadområder

- **Saksbehandling og stønad til næringslivet:** Det er viktig at kommunen bidrar med rask og effektiv saksbehandling av næringslivssaker. Bruk av næringsfond bidrar til kompetanseheving og utvikling av eksisterande næringsliv
- **Samarbeid kommune - næringsliv om lokal næringsutvikling:** Det er viktig med nært samarbeid mellom offentleg og privat sektor om å finne felles løysingar og å halde nærkontakt i store og små saker
- **Små/ nye næringer:** Kommunen bør framleis satse på å hjelpe nyetablerarar og gründerar i startfasen med bruk av næringsfond
- **Identitet og omdømme:** Kommunen er avhengig av godt omdømme blant innbyggjarar og næringsliv og bør difor støtte opp om å skape ein heilskapleg identitet for lokalsamfunnet

På bakgrunn av desse utfordringane er følgjande satsingsområde peika ut, med tilhøyrande målsettingar, utfordringar, strategiar og tiltak: *Endring i kulepunkta under, jf vedtak i Formannskapet (kommuneplanutvalet), sak 141/20, den 24.08.2020.*

- Fiskeri- og havbrukskommunen Giske
- Infrastruktur og transport
- Matkommunen Giske
- Kreative næringer, reiseliv, identitet og omdømme


Gjøsund næringsområde

Området rundt Gjøsund hamn var i 1997 peika ut som strategisk fokus- og hovudsatsingsområde for sjø- og landbasert næringsliv i kommunen gjennom designplanprosjektet «Gateway to Sunnmøre». Dette er seinare følgd opp med reguleringsplanen; Detaljplan Gjøsund næring (2016), og vart prioritert i Nasjonal Transportplan 2018-29.

Utdjuping av hamneområdet vart slutført 2023.

4.2 Levekår og folkehelse

- Kommunen bør ha meir fokus på å betre levevanar i befolkninga, både for barn og unge, vaksne og eldre.
- Vidare utvikling av tilbod for møteplassar i kommunen og tiltak som kan motverke einsemd og auke tilhøyrgheit
- Vidare arbeid med å redusere bruk av dispensasjonar frå utdanningskrav i barnehage, gjennom systematisk rekrutteringsarbeid
- Følge opp funn i ungdata og juniorungdata knytt til einsemd, rusbruk og summen av skjermtid
- God kvalitet på tenestene i barnehage og skule er vurdert å vere viktig førebygging av utanforskap



Bustadsosialt ansvar

Betre lovforankring på det bustadsosiale feltet har vore etterspurt av fleire. No har det kome ei lov som klargjer kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Føremålet med lova er å få eit tydelegare og meir samla regelverk.

Ein god plass å bu er noko av det mest grunnleggjande i folk sine liv. Trygge og gode buforhold er viktig for å bidra til å utjamne forskjellar i levekår og sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge.

[Ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet blir sett i kraft 1. juli 2023 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Lova stiller òg krav om at kommunane må ha oversyn over behovet for bustadar til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Krav til innhald i enkeltvedtak og oversyn over bustadbehov er nye plikter kommunane må etterleve.

Det er òg krav om at oversynet over behovet for bustader for vanskelegstilte skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategien til kommunane. I tillegg skal kommunane fastsetje overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet i kommuneplanen. Lova har ei overgangsføresegn som gir kommunane fire år på å oppfylle desse skjerpa krava til planstrategi og kommuneplan.

4.3 Bustadbygging

	Boliger (beboede og ubebodde)
	2024
	K-1532 Giske
Enebolig	2 517
Tomannsbolig	472
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	487
Boligblokk	107
Bygning for bofellesskap	49
Andre bygningstyper	21

Kjelde: SSB

Kommunen har generelt god tilgang på bustadar og byggeklare tomter, regulert bustadareal og store reserver i areal utlagt til bustadformål. Med forventa folketalsauke (SSB) på om lag 100 personar pr. år dei neste ti åra vil det bli behov for fleire bustadar. Tradisjonelt har type bustadar ved regulering i stor grad vore forslagsstillar og utbyggjar sitt val. Tilflytting og flyttemønster er i nokon grad styrt av bustadtype og kommunen som planmynde kan med fordel leggje føringar for behov og ønskje ved regulering til kva slags bustadar ein ønskjer skal bli bygd i det einskilde område.

Innan helse- og omsorg er det behov for fleire bustadar for utleie, omsorgsbustadar og bustadar for vanskelegstilte. For barn og unge med særlege behov trengst det fleire bustadar med heildøgns-tenester. Det er eit stort trykk på heildøgns-plassar for demente, det bør difor planleggast for fleire heildøgns-plassar og evt. andre bustadar som er tilpassa denne brukargruppa. I følge rapport Bu- og tenestetilbod til demente, levert 2019, er det om lag 50 nye demenstilfelle pr. år. Det er behov for ulike differensierte tilbod til denne brukargruppa, alt frå lågterskeltilbod som dagavdeling, demensvenn, til velferdsteknologi (GPS, digitale tilsyn), tilrettelagte bustadar og heildøgnsstilbod. Det er generell vekst i alle tenestene innan pleie- og omsorg.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Brukarar m/tenester	500	510	531	734	878	946	951	929	1 024	1 023
Ant. tenester	2 185	2 185	2 506	2 820	3 199	3 626	3 675	3 716	4 212	5 447
Ant. vedtak	-	-	-	-	-	-	732	952	924	874
Søknadar - brev									-	414
Henvisningar	-	-	428	615	668	571	513	701	805	1 002
E-meldingar	9201	13 097	14 186	14 374	16 605	16 585	18 346	21 535	21 185	20 834
Antal i database	-	-	-	-	2 846	3 093	3 512	3 796	4 092	4 341

Dette gir mellom anna eit stadig aukande trykk på heildøgns-plassar, korttids-plassar og heimebaserte tenester. Kommunen vedtok Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050 i 2022.

<https://www.giske.kommune.no/f/p1/i27c19762-49b4-4aad-b2f5-76d6a6ddd9e2/strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf>

Pleie og omsorgstenestene er i stor omstilling då ein ikkje kan fortsette å yte tenester i tida framover slik vi gjer i dag. Kommunen har fram til no bustadgjort tenestene. I framtida vil det ikkje vere mogleg. Ein venta vekst på 150% gjer at kommunen verken vil ha nok hender eller økonomi. Heilskapleg bustadpolitikk for trivsel, meistring og helse er eitt av tre strategiar kommunen har vedteke. Kommunen har vurdert dekningsgrad for heildøgnsstenestene og utarbeida tydelegare tildelingskriterier. Kommunen har med det som bakgrunn justert tal heildøgn slik at ein er på rett nivå i dag. I tida framover vil det bli behov for fleire heildøgns plassar. Kommunen må dreie tenestene slik at meir blir ytt lenger nede i innsatstrappa. Det vil vere behov for å auke tal utleigebustadar, omsorgsbustadar og at desse vert bygd i sentrum/sentralt. Heildøgns plassane skal også etter kvart samlast i sentrum/sentralt.

Giske kommune har i fleire år tatt imot 10 nye flyktningar i året, men sidan krigen i Ukraina starta har kommunen tatt imot 48 nye flyktningar i 2022 og 43 i 2023. Kommunen har vedteke å ta imot 65 nye i 2024. Største utfordringa knytt til mottak er mangel på bustadar til etablering. Ideelt sett ligg behov til bustadar til områder med nærleik til butikk, skule, barnehage og kollektivtrafikk.

4.4 Miljø, klima og berekraft

Giske kommune har ikkje ein eigen klimaplan, men Ålesund, Sula og Giske har samarbeidd om plan for areal, klima og transport PAKT (vedtatt som regional plan i 2022). Målet med dette samarbeidet var å kome fram til ein felles, omforeint og forpliktande plan som ser arealbruk og transport i samanheng på tvers av kommunegrensene - i eit klimaperspektiv, slik at regionen kan utvikle seg på ein berekraftig måte og gi gode rammer for vidare vekst.

Frå 2024 har Giske kommune for første gong eit eige klimabudsjett, men kommunen har ikkje vedtatt egne utsleppsmål. Vedtatt samfunnsdel inneheld mange gode føringar, inklusiv overordna arealstrategi, som vil redusere utsleppa når dei blir tatt i bruk.

4.5 Natur, landskap og friluftsliv

Folketalsvekst – byggepress – naturlandskap, biologisk mangfald og friluftslivinteresser.

Som bukommune med stor folketalsvekst over mange år har kommunen opplevd stor byggeaktivitet. Det er stort utbyggingspress på areala langs sjøen, samtidig er strandsona attraktiv for friluftsliv, rekreasjon og naturoppleving. Å kunne gå på tur i nærområdet sitt er viktig for livskvaliteten til mange. Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Ein kan legge merke til at naturoppleving er eit viktig element i friluftslivet. Alle skal ha god tilgang til strandsona der dei bur. Giske kommune gjennomførte i 2016 ei kartlegging og verdsetting av eksisterande friluftsområde. Kartlegginga er eit krav frå Miljødirektoratet ved søknad om statlege midlar til sikring av friluftsområde. Kartlegginga er moden for revidering og detaljeringa kan med fordel aukast.

Giske kommune vedtok i 2018 kommunedelplan for naturmangfald. Planen synleggjer viktige områder i kommunen med omsyn til naturtypar og artar som krev særskild handsaming. Kommunedelplan for naturmangfald, med handlingsdel, er eit verktøy for å forvalte areala i kommunen på ein berekraftig måte. Handlingsdelen er ikkje vedtatt, men måla er: 1. Langsiktig og berekraftig naturforvaltning, 2. Utgreiing og overvaking, 3. Skjøtsel og eventuelt restaurering av forringa natur.

For å best mogeleg kunne oppfylle måla er det naudsynt å vidareføre arbeidet med handlingsdelen og få denne vedtatt.

4.6 Kultur

Frå nasjonalt nivå er det forventa at kommunen legg til rette for fysisk aktivitet, friluftsliv, tiltak som fremmar psykisk og fysisk helse, registrerer og verdsett kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi. Offentleg, frivillig og privat kulturverksemd er gjensidig avhengig av kvarandre. Det frivillige kulturlivet er ein føresetnad for eit breidt kulturtilbod. Offentleg og frivillig kulturaktivitet er avhengig av samarbeid med profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar. Kommunen har ei lang rekke lag og foreiningar og eit stort mangfald av profesjonelle kunstnarar.

Med stønad frå Riksantikvaren (kr.100.000) starta kommunen i 2019 arbeidet med revidering av museums- og kulturminneplan for Giske kommune 2020 – 2030, kommunestyret vedtok «Kulturmiljøplanen» i 2023.

Kulturplan for Giske kommune 2016 – 2026 er ein temaplan som ikkje er bindande, men retningsgivande. Kultur er eit satsingsområde i kommuneplanens samfunnsdel og hovudmålet med kulturpolitikken er at: «Giske kommune skal ha eit rikt kulturliv»

Friluftslivets ferdselsårer er under arbeid, - kommunen har mottatt kr. 50.000 i tilskot frå Fylkeskommunen,

Kommunen sin økonomiske situasjon tillet ikkje å oppretthalde og vidareføre dei same ressursane på kulturområdet. Dette inneber at kommunen ikkje kan bidra på same måte som før og må derfor naturleg senke ambisjonane i planverket.

4.7 Transport og infrastrukturbygging

Det vil vere viktig for kommunen å få utbetra Ytterlandkrysset rv 658/fv 5957 samt få vedtatt framtidig hovudkryssløysing på Sætra rv 658/fv 5958 i samband med utvikling av handelssenteret.

Giske kommunestyre vedtok i 2022 plan for areal, klima og transport i Ålesundregionen PAKT saman med nabokommunane Ålesund og Sula. PAKT har no status som regional plan. Målet er mellom anna, «nullvekstmålet», dvs. å få veksten i personbiltrafikken over på kollektiv, sykkel og gange. Detaljregulering for Ytterland II, trafikknutepunkt med busstasjon og innfartsparkering, vart vedtatt i 2020. Vegvesenet sin KVVU peikar så langt på kollektivalternativet som mellom anna inneber innfartsparkering og satsing på buss og båttransport. Regjeringa skal ta stilling til saka før sommarferien.

Det er behov for ny trafikktryggingssplan, gjeldande plan er frå 2012. Ein kommunedelplan for trafikktrygging vil og vere nyttig i samband med søknadar om trafikktryggingssmidlar.

Utvikling av Gjøesund næringsområde med Gjøesund hamn vil krevje tunge investeringar i infrastruktur framover.

4.8 Langsiktig arealbruk

Arealbruken i kommunen er definert gjennom kommuneplanens arealdel og det vert vist til denne. Giske kommune er i toppen i Møre og Romsdal når det gjeld folketalsauke i Møre og Romsdal og kommunen har og lagt ut store areal i kommunen til bustadareal. Det er ei stor utfordring å kontrollere og forvalte regulering og bustadbygging av store bustadareal (i oppgangstider) i høve teknisk og sosial infrastruktur. Betre styring og kontroll over regulering og utbygging av bustader kan og må løysast i samband med rullering av kommuneplanens arealdel.

4.9 Samfunnsikkerheit og beredskap

Iflg. Pbl. § 3-1 skal all planlegging fremme samfunnsikkerheit ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

Beredskapsplan for Giske kommune er revidert av Giske kommunestyre i febr. 2024. Planen er basert på heilskapleg risiko- og sårbaranalyse (ROS) 2023-2024.

4.10 Kommunal tenesteyting og forvaltning

Det vil vere ei kontinuerleg utfordring å omstille organisasjonen til dei endringane som skjer i samfunnet og å tilpasse seg til den økonomien som kommunen til ei kvar tid har. Det er vidare ei utfordring å rekruttere rett kompetanse til dei tenestene kommune skal gi og dei oppgåvene som kommunen skal løyse. Kommunen sitt omdømme er summen av korleis omgjevnadane oppfatar oss. Dette vil og skal stille krav til politikarar, kommunen sine leiarar og tilsette om korleis vi møter og handterer dei tenestebehova som innbyggjarane våre har. Både som kommunal mynde og som serviceleverandør bør Giske kommune i enda større grad kunne bli ein arena for å skape utvikling saman med innbyggjarane.

5. Kommunens plansystem

Gjennom planstrategien skal kommunen sin planstruktur vurderast. Det kommunale plansystemet kan framstillast slik:

Kommunal planstrategi Minst ein gong i kvar valperiode Vedtak om rullering av kommuneplanen Rullere planbehov
Kommuneplan Samfunnsdel med handlingsplan, Arealdel, Planperiode 12 år, vurdere kvart 4. år planstrategien Årleg rullering av samfunnsdelens handlingsplan
Kommunedelplanar Tematiske, Geografiske Planperiode 12 år, vurdere kvart 4. år i planstrategien Rullering av handlingsdelen
Temaplanar Planperiode 4 år, vurdere behov i planstrategi
Økonomiplan med kommuneplanens sin handlingsdel Planperiode 4 år – rullere årlig
Årsbudsjett
Årsmelding og regnskap

6. Planbehov i perioden 2024 – 2027

I dette kapitlet er det ikkje tatt med reguleringsplanar. Dei aller fleste reguleringsplanane som kommunen behandlar er etablert i privat regi. Av kommunale reguleringsplanar er kun områdeplanar tatt med her.

6.1 Evaluering av nojeldande kommuneplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033 (vedtatt 27.04.2023) vart vedtatt av det førre kommunestyret. Det er no meininga at det nye kommunestyret og skal få anledning til å behandle denne.

Samfunnsdelen er forankra i kommunen sin visjon:

Giske – historisk og framtidsretta

Giske er populær bukommune og det blir vist stor interesse frå næringslivet for nyetableringar, men fleire nye utviklingstrekk i kommunen ligg til grunn for at det no er naudsynt med meir langsiktige politiske og administrative val gjennom revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneøkonomien inneber store utfordringar med å drifte lovpålagte oppgåver, og naudsynte grep må til for å kunne oppretthalde eit tilfredsstillande tenestetilbod med mindre ressursar. Verdigrunlaget som er nedfelt i gjeldande samfunnsdel vert vidareført. Kommuneplanen sin samfunnsdel er utforma som eit dokument som både er retningsgivande og som er bestillar-dokument for eventuelle ønske om konkrete temaplanar på aktuelle område.

Kommunale planar - oversikt med status og planlagt prioritering

Tenesteområde/plan		Vedtatt	2024	2025	2026	2027	Antatt kostnad
Sentraladministrasjonen							
Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2030	KP	2018	Rull	Rull			
Kommunedelplan naturmangfold	KD	2018					
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023 - 2033	KP	2023				Rull	
Handlings- og økonomiplan	KD	2023	Rull	Rull	Rull	Rull	
Ein enklare kvardag (e-kommune)	TP		Ny				
Plan for areal, klima og transport i Ålesundsregionen (PAKT)	RP	2022					
Områdeplan for Sætra og Gjøvsund (Restart 2024)	OP						300.000
Områdeplan for Roald	OP			2025			500.000
Stab							
Strategisk næringsplan 2016 - 2025	KD	2016			Rull		
Mål og strategi for arb.med kvalitet og internkontroll i Giske kommune 2021 - 2024	S	2021					
Beredskapsplan	TP	2023	Rull	Rull	Rull	Rull	
Bustadpolitisk plan	TP		Ny				
Heilskapleg ROS-analyse	S	2024					
Plan for forebygging av omsorgssvikt og atferdsproblem	TP	2023					
Veteranplan for Giske - Sula - Ålesund	TP	2022					
Oppvekst							
Kvalitetsplan for oppvekst 2023-2027	TP	2023					
Kompetanse og kvalitet i barnehagen - mot 2030	TP	2024					
Rett kapasitet i barnehagen 2024-2034	TP	2024					
Helse, sosial og omsorg							
Kompetanse og rekrutteringsplan 2019-2022	TP	2019					
Smittevernplan 2020, rullert 2021	FP	2020					
Helse- og omsorgsplan 2020-2025	TP	2020					
Pandemiplan 2020 – 2024, rullert 2021	FP	2020	Ny				
Handlingsplan mot vold i nære relasjonar for kommunene på sunnmøre	IP	2021					
Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050	TP	2022					
Teknisk							
Kommunedelplan vatn og avløp 2023-2033	KD	2023		Rull			
Trafikktryggingplan	KD			Ny			
Hovudplan veg	TP	2024					
Kultur, service og næring							
Kulturplan 2016 – 2026	TP	2016			Rull		
Kulturmiljøplan 2022 - 2032	TP	2022					
Friluftslivets ferdselsårer 2024 - 2036	TP		Ny				
Alkoholpolitisk handlingsplan 2024 - 2028	TP		Rull				

Landbruk							
Jordvernvernstrategi	S		Ny				
KP-Kommuneplan, KD-Kommunedelplan, TP-Temaplan, RP-Regional plan, OP-Områdeplan, FP-Fagplan, S-Strategi, IP-Interkommunal plan, NY-ny plan under arbeid, Rull-rullering							